

Kapittel 6. Ei mangspråkleg framtid?

Det er på tide å tvinne i hop nokre trådar. Men før det tek vi ein avstikkar inn i planteverda og jamfører verdas språkflora med ein skogteig. På denne teigen veks minst 6 000 planteslag. Talet 6 000 byggjer sjølvstøtt på dei inndelingsmåtane og dei grensegangane mellom planter som planteforskarane har valt. Hadde dei sortert på andre måtar, kunne talet vi nemner, ha vore ein halv gong høgare eller ein halv gong lågare. Innimellom dei kjende plantene finst truleg planter som enno ikkje er oppdaga og sette namn på. Det kan berre framtida finne ut av. Viss då ikkje desse plantene døyr ut før forskingsmetodane blir betra.

Ikkje berre mellom, men også innanfor kvart planteslag finst store variasjonar.

Skogteigen endrar seg heile tida. Klimaet skiftar frå dag til dag og år til år. Jordbotnen blir annleis. Somme planteslag tilkjempar seg større rom, og andre får mindre.

Men dei siste åra har skogteigen først og fremst endra seg på grunn av menneskes verksemd. Desse menneska vil ha effektivitet. Når somme planter veks snøggare enn andre og er lettare å hauste, bør desse få største og kanskje einaste plassen, tenkjer dei. Dei vil plante juletre eller eukalyptus-furu på heile teigen. Desse plantene kallar dei kulturplanter. Så kan dei gjødsle skogteigen med stoff som er slik laga at desse plantene kan nyttiggjere seg dei. Andre planter ser dei på som ugras som tek opp plass og næring i utrengsmål og som det difor gjeld å halde nede. Dei tilfører diverse sprøytmiddel som er slik samansette at desse plantene kan kome til å bukke under. Eller dei utryddar plantene med skogbrannar.

Dei som blir få i tal eller mister livsrom, kan møte ei nedre reproduksjonsgrense. Når talet på planter av eitt slag blir for lite, kan dei ikkje lenger formeire seg. Arten døyr ut.

Av og til dukkar likevel eit nytt planteslag opp. Det kan skje gjennom ein mutasjon eller ei krysning. Eller at eit planteslag greier seg og styrkjer seg i strid med inngrepa, til dømes fordi det har utvikla im-

munitet mot sprøytemidla. Slik kan enga bli endra på måtar menneske ikkje har styring med.

La oss frå denne jamføringa gå attende til språkfloraen. Vi har altså rundt 6 000 språk på kloten. Men som det er no, snakkar halvdelen av innbyggjarane i verda seks språk: mandarin-kinesisk, hindi, spansk, engelsk, bengali eller arabisk, men sjølvsagt i mange lokale variantar., slik at to engelskbrukarar eller to kinesiskbrukarar ikkje alltid forstår kvarandre. Aukar vi talet på språk til dei tolv største, finn vi at to av tre innbyggjarar snakkar eit av desse tolv språka. Aukar vi talet til dei rundt 220 språka med meir enn ein million brukarar, finn vi at fem av dei 5,7 milliardane innbyggjarar bruker desse språka.

På fem måtar blir tale og skrift meir einsarta:

For det første døyr språk. I UNESCOs raudbok over truga språk reknar dei halvdelen av språka som dødstruga. Desse språka blir vanlegvis ikkje førte vidare til nye generasjonar, dei er sistegenerasjons språk. Det gjeld til dømes 90 % av dei innfødde språka i Alaska og nordlege Russland, 70 % av språka i heile den russiske republikken og 90 % av urinnbyggjarspråka i Australia. I tillegg til dei 50 % dødstruga språka er 40 % av språka i fare over noko tid, hevdar ekspertgruppa. Altså ser UNESCO-ekspertane det slik at heile 90 % av språka i verda, om lag 5 400 av i alt 6 000 språk, er i faresona. I år 2100 kan dei vere borte.

Språkeeksperten Michael Krauss ved universitetet i Alaska opererer med endå høgare dødstal for språk enn det UNESCO gjer. Forskingsresultata hans tyder på at 95 % av dei er borte om 100 år. Krauss legg vekt på eit moment språka har sams med plantene, at når det blir for få individ – eller brukarar – kan dei ikkje reprodusere seg sjølv og vil avgå ved døden.

Den andre måten språk-uniformeringa går føre seg på, er gjennom at språk blir reduserte frå å vere språk for alle samanhengar og til å bli heimespråk. Om til dømes dei nordiske språka ikkje er på UNESCOs dødsliste, er språka blant dei som kan bli utsette for den lagnaden at dei blir heimespråk. Altså at dei blir brukte innanfor husets vegger, kanskje i barnehagar og som første opplæringsmål i skolen og kanskje

i lokalt næringsliv, men lite i administrasjon, forskning, politikk og næringsliv i større målestokk.

For det tredje blir skilnader mellom språka reduserte. Dei blir stadig meir lik kvarandre. I norsk språk har vi sett korleis substantivisk uttrykksmåte har kome inn frå dansk kansellispråk. I staden for at huset låg fint til skriv og seier mange: ”Husets beliggenhet er vakker.” Punktumregelen i EU- og EØS-lover er eit nyare døme på påverknad på norsk og eit dusin andre EU- og EØS-språk. Når det skal stå det same mellom to punktum på alle språka, blir skrivemåten på alle språka lett styrt av originalspråket, så langt vanlegvis det franske.

For det fjerde blir dialektar borte eller får redusert bruksområde. Frå svært mange språksamfunn blir det meldt at folk gjennomfører språkskifte frå dialektbruk til såkalla normaltalemål. Saman med denne dialektvekkinga eller dialekt døden skjer vanlegvis ei språkleg harmonisering på det viset at skilnader mellom språkforma til generasjonane og til kjønna blir mindre. Talemålet til kvar enkelt brukar og kvart enkelt brukarsamfunn blir meir likt i alle situasjonar.

For det femte blir dei attverande dialektane, liksom språka, meir like kvarandre. Frå mange språksamfunn blir det rapportert at lokale dialektskilnader blir borte, og at regionale dialektar med mindre variasjonar seg imellom veks fram i staden.

Desse fem endringane skjer samstundes og verda over. Legg vi dei i hop, kjem vi til at om hundre år er det språklege mangfaldet i verda dramatisk skore ned. Då kan vi ha att nokre hundre språk, og skilnadene mellom desse språka er mindre enn skilnadene mellom språka i dag.

Då er spørsmålet: Gjer det noko?

I mangspråklege Midtausten då Det gamle testamentet vart skriva, såg dei dei mange språka som ei straff for menneskeleg hovmod overfor Gud. Og ved overgangen til eit nytt tusenår, når verda er bunden saman med flyruter og jernbanenett og Internett og asfaltnett og fjernsynskanalar, har vi reint teknisk for første gong høve til å spørje: Ville det ikkje vere enklare å gå attende til stoda før Babels byggmeisterar søkte til himmels med tårnet sitt, med same språket i radiokanalar

verda over, i aviser, i litteraturen og folk imellom? To danske skribentar kommenterer spørsmålet slik i vurderinga av sitt eige språk:

”For hvem er det viktig, at f.eks. dansk overlever? For danskerne, lyder det oplagte svar, og denne artikkelens danske forfattere er naturligvis enige heri. Set i et større perspektiv stiller saken sig imidlertid anderledes. Er dansk først avgået ved en større eller mindre død, er der jo ingen tilbage til at begræde tabet – ligesom der ikke er mange, der begræder tabet af latin, preussisk, oldkirkeslavisk, gallisk og så videre – kornisk er undtagelsen. Nøgternt set kan man jo sige, at de, der potentielt kunne savne det danske sprog, fordi deres liv kulturelt var indføjet i det, er døde og borte, medens de fremtidige ”danskere” ikke vil kunne savne det, fordi de aldrig har levet i og med det. Tabet af dansk vil af en eventuel fremtids engelsktalende danskere blive følt som et fjernt savn, nærmest i et kulinarisk register, omtrent som vore dages beklagelser over dialekternes bortgang.”

La oss stille spørsmålet på ein annan måte: Inneheld eit språk eller ein språkvariant noko som ikkje kan gjengivast på andre språk? Eg vil svare med å drøfte tre tema, kulturvariasjonar, økologisk innsyn og samfunnsformer.

Ulike språk – ulike kulturar

Språk er meir enn ord og grammatikk. Eit språk er uttrykk for eit samfunns felles minne og eit samfunns tenking. Difor er omsetjing eigentleg uråd dersom vi med det meiner at det skrivne eller snakka skal kunne givast att med alle nyansar i eit anna språk. Dette kan den språkkunnige lesaren kontrollere til dømes med å lese Hamsuns romanar på engelsk eller tysk og jamføre med originaltekstene. Eller Strindberg på svensk og norsk. Noko har vorte borte på vegen.

Få kan gjere danskane etter den innsynsfulle og slentrande kåsørstilen som sitatet tre avsnitt framfor dette gir eit lite innsyn i. Skrivemåten er ein del av deira språk og kultur. Grundtvig og H. C. Andersen finst på eitt vis att i dagens aviskronikkar og kommentarar.

Når nordiske forfattarar har motteke heile 14 nobelprisar i litteratur, har det ikkje berre å gjere med at utdelaren, Svenska akademien, held

til i Norden og kjenner nordisk litteratur betre enn litteratur på til dømes telugu (med 75 millionar brukarar) og swahili (med 49 millionar). Det har også å gjere med at gjennom dei nordiske språka har det meir enn på mange språk vore råd å utvikle ein litteratur bygd på folks eigen forteljetradisjon.

La oss sjå på den svenske Statarskolan i første halvdel av 1900-talet. August Strindberg framom alle utvikla det svenske skriftmålet til eit presist, saftig og talemålsnært språk som gjorde at arbeidsfolk kunne kome frå torpa og fabrikkane og skipsdekka og tenestjentejobbane og skrive bøker i verdas eliteklasse. Ikkje fordi dei var meir evnerike enn gardsarbeidarar og fabrikkarbeidarar og sjøfolk og tenestjenter i England og Frankrike, men fordi dei hadde ein lokal forteljetradisjon, og fordi det svenske skriftspråket hadde fått ei form som gjorde at folk utan akademi kunne ta det i bruk. Jan Myrdal skriv om dette: ”Strindberg befriade vårt språk. Han skrev vid en tid när de akademiska skikten i Sverige försökte göra svenskan till ett rigidare språk. Genom att han gick emot och delvis krossade den officiella litteraturen hade han öppnat en väg ut ur det akademiske fångelset.” Slik kunne Ivar Lo-Johansson, Jan Friedegaard, Harry Martinson, Moa Martinson og andre gå frå tanke og tale til skrift og ikkje berre frå skrift til skrift. Slik vart dei nyskapande forfattarar og ikkje kopistar.

Jamført med engelsk og fransk og spansk har dei nordiske språka få brukarar. Truleg er dette noko av forklaringa på vår litteratur. Banda til vanlege folk og deira språkbruk er vanlegvis sterkare i mindre språksamfunn enn i store. Vi kan undrast på om Halldór Kiljan Laxness hadde vorte fiskeoppkjøpar, Knut Pedersen Hamsund vorte kjøpmann, Ivar Lo vorte verande steinarbeidar, Kristoffer Uppdal anleggsslusk, Vaino Linna slaktar og Tarjei Vesaas småbrukar om dei hadde vakse opp i større språksamfunn som det engelske eller det tyske.

Stundom møter vi påstandar om at forfattarar hadde nådd lenger om dei hadde valt anna språk. Om Robert Burns hadde skrive på engelsk og ikkje på lallans, om Henrik Wergeland ikkje hadde brukt sitt norskblanda dansk og om August Strindberg hadde skrive på fransk, slik han prøvde på i ein periode, hadde dei i dag vore lesne verda over.

Og om Olav Duun hadde skrive på bokmål, hadde ein nobelpris vore hans. Det kan sjølvsagt tenkjast. Men spørsmålet må drøftast saman med eit anna, i kor stor grad språket er ein føresetnad for kunstnarleg skaping. Sjølvsagt er det ikkje utenkjeleg at ein bokmålskrivande Duun hadde vore nobelprisvinnar, men det er heller ikkje utenkjeleg at ein bokmålskrivande Duun hadde vore ein bleik kopi av den Duun vi kjenner, utan den sprengkrafta språket i Juvikfolke og Menneske og maktene har. Eller at den franskskrivande Strindberg hadde vorte ein dusinforfattar. For språket er – eller kan iallfall vere – ein del av ein forfattars skapingsprosess.

Vi norske skil oss frå andre, også frå våre nordiske grannar, gjennom skriftspråkleg mangfald. Norsk språk er ikkje ei storkna form av eit språk, men to språkformer som byggjer på ulike metodar og med eit stort spekter av ulike valhøve innanfor formene. Norsk språk femner om forfattarar med så ulik skrivemåte som Knut Hamsun, Arnulf Øverland, Olav Duun og Tarjei Vesaas. Hamsun på sitt beste skreiv nordlandsdialekt heller enn riksmål. Øverland var aristokratisk knapp, Duun dialektnær, men eksperimenterande på nynorsk, og Vesaas eksperimenterte med innhald og litterære former, men heldt seg med hjelp av kone og born innanfor rådande rettskriving.

Eg meiner ikkje med dette at vårt norske språk eller dei nordiske språka er betre enn andre, men berre at dei på ein del område er ulike andre språk ,og at desse særtrekka kan ha verdi.

Ulike språk – ulike kunnskapar

Dei siste åra har naturforskarar fokusert mykje på at industrisamfunnet riv grunnen unna det biologiske og økologiske mangfaldet i verda. Planter, dyr, mikroorganismar, variasjonar innanfor desse og heile økosystem blir borte. Vi har ingen rett til og ikkje grunnlag for å avgjere i dag at framtidssamfunnet skal vere utan dette, sa til dømes FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro våren 1992.

Vi veit ikkje i dag kva framtidssamfunnet vil spørje etter. Kvart av dei 6 000 språka er eit skattkammer for oppsamla tenking som kan vere av uvurderleg verdi for framtidssamfunnet. Australske botanikarar

har såleis teke til å studere språka til urinnbyggjarane i verdsdelen. For gjennom desse språka får dei greie på nye plantesortar som dei sjølve ikkje har greidd å oppdage med sine naturstudiar, mikroskop og dataprogram.

Urfolk "sit med ein samla økologisk kunnskap – gjennom språk, skikkar og overlevingsteknikkar – som er fullt på høgd med den samla kunnskapen i moderne vitskaplege bibliotek," skriv forskar Alan B. Durning ved Worldwatch-instituttet.

Ei verd der folkemengda veks snøgt og matproduksjonen har stagnert, vil få bruk for alle tilgjengelege matressursar og alle overleverte kunnskapar om korleis maten skal dyrkast eller sankast. Vi kan hente eit døme frå den indiske miljøforkjemparen og tidlegare atomfysikaren Vandana Shiva. Småbønder i hennar heimetrakter dyrka "bardara", tolv planteslag på ein gong. Under den såkalla grøne revolusjonen vart dette rike biomangfaldet erstatta av ein monokultur av soyabønner, som rett nok reagerte meir positivt på kunstgjødsel, men som var langt meir sårbar for regn og tørke, og som ikkje førte næringsstoff attende til jorda slik bardaraen hadde gjort. Svoltan kan berre bli fjerna dersom vi legg vekk monokulturen og set småbøndene sin eigen agronomi i fokus, seier ho. Då må språka deira brukast.

Vi treng same perspektivet på bruken av vårt eige land. Skal vi utnytte fiskeressursane våre maksimalt, må vi vente til fisken har vakse ut og kjem inn i fjordane for å gyte i staden for å sope trålen full av ungtorsk i Barentshavet. Då treng vi kunnskapar om fangstmåtar og fiskeméd som eldre kystfiskarar no er åleine om, og som lettast kan overførast til nye generasjonar på deira språk. Skal vi nytte beita fullt ut, slik det truleg må gjerast i ei framtidserd med for lite mat, treng vi dei kunnskapane om allsidig husdyrhald og plantedyrking som eldre bønder har, men som ikkje finst hjå dagens agronomiske elite. Skal vi nytte ut og vidareutvikle alle dei kunnskapar som finst i det norske folket, og som er overleverte frå eldre generasjonar, treng vi språk som både er felles og som er knytte til det lokale.

Det at tap av språk også kan føre med seg tap av andre verdiar og kunnskapar, ser vi om vi koplar i hop språkleg mangfald og biologisk mangfald.

Land	Tal språk
Papua Ny-Guinea	850
Indonesia	670
Nigeria	410
India	380
Kamerun	270
Australia	250
Mexico	240
Zaire	210
Brasil	210

Tabell 8. Språkmangfald i ni land

Tabellen over viser dei ni landa i verda som har flest språk. Dei har til saman 3 490 språk eller nesten 60 prosent av språka. Seks av dei ni, Indonesia, India, Australia, Mexico, Zaire og Brasil, står også på lista over land med ekstra stort biologisk mangfald. Dersom mange av desse språka døyr, blir forvaltninga av dette mangfaldet vesentleg svekt, og kunnskapar om biologi og driftsmåtar og naturutnytting og lækjemiddel vil bli borte.

Eit språk er eit like stort mysterium som ein levande organisme. Vi må ikkje uroe oss mindre over tapet av eit språk enn over tapet av til dømes pandaen eller den kaliforniske kondoren, seier den tidlegare siterte språkeksperten Michael Crauss.

Ulike språk – ulike samfunn

Ved overgangen til eit nytt millennium bør vi gjere opp status. Vi snakkar om den mørke mellomalderen og det koloniserande 1600-talet og det eineveldige 1700-talet og det brutale 1800-talet. Men det hundreåret vi snart går ut or, er det mest problematiske den blå planeten Tellus har vore gjennom, med krigar, massesvolt, ureining, global oppvarming, forørkning, overbefolkning og utrydding av dyr

og planter. Alt takka vere ein einaste av dei mange millionar artane i verda, homo sapiens.

I denne statusrapporten høyrer det også med at vi, same om vi er konservative eller liberalarar eller sosialdemokratrar eller kommunistar, ikkje har løysingane. Vi veit ikkje korleis vi kan kome ut or uføret og organisere samfunnet slik at det blir berekraftig. Vi må altså famle oss vidare.

Men i denne famlinga treng vi alt vi kan hente fram om samfunn av alle slag. Fordi nye sosiale eksperiment er så tid- og ressurskrevjande og tid og ressursar er mangelvarer, treng framtida best mogeleg innsyn i heile spennvidda av sosial organisering gjennom ulike tider og i ulike land. Framtida treng også dei kunnskapane om mellommenneskelege forhold og samfunnsorganisering som våre dagars politikarar og samfunnsforskarar ikkje kjem på å spørje om. Om denne generasjonen menneske er med på å leggje det sorbiske eller det liviske eller det lulesamiske språksamfunnet eller dei norske dialektane under torva, svekkjer vi denne oppkoma av kunnskapar og forståing. Slik gjer vi overlevingssjansane mindre for dei som kjem etter oss.

Einsfarga menneske

La oss tenkje oss hundre år frametter, til rundt år 2100. La oss i dette framtidsbiletet tenkje oss at dei dystraste spådommane frå UNESCO slår til, slik at 5 400 av dei 6 000 språka er borte. La oss vidare tenkje oss at mange av dei attverande språka er reduserte til heimespråk, medan politikk, arbeidsliv og offentleg liv i hovudsak går føre seg på nokre få storspråk, kanskje engelsk, japansk, kinesisk, arabisk og russisk. La oss for det tredje tenkje oss at dei attverande storspråka har vorte meir like kvarandre. La oss for det fjerde tenkje oss at dialektar har vorte erstatta med normert tale i mange språk. La oss for det femte tenkje oss at attverande dialektar innanfor mange språk har vorte meir like kvarandre.

La oss vidare i dette tankeeksperimentet gå ut frå at dei folketalsprognosane som dei leiande demografane i verda no legg fram, slår til. Då vil folketalet to eller tre generasjonar fram i tid stabilisere seg ein

stad mellom 8 og 12 milliardar menneske.

Ved førre hundreårsskiftet budde ”berre” 1,6 milliardar menneske på kloten. Om vi tenkjer oss at dei hadde like mange språk som vi har i dag, eit tal som utan særleg tvil er for lågt, var det 260–270 000 menneske for kvart språk. No er det nesten ein million. Om 90 % av språka er borte og folketalet har auka til 10 milliardar i år 2100, vil gjennomsnittsspråket då ha 16–17 millionar brukarar.

Lenge kalla forskarane menneskearten homo erectus, det oppreiste dyreslaget. Så tok nemninga homo sapiens, det tenkjande dyreslaget, over. Men om stordelen av språka blir borte og dei attverande blir meir einslåta, vil også tenkinga bli meir einsarta. Det dystre perspektivet dette framtidsbiletet målar for oss, er at våre etterkomarar om eit hundreår vil ha veikare føresetnader enn denne generasjonen av menneske har for å tenkje annleis og difor nytt og betre. Trass i at dei vil bli dobbelt så mange. Nemninga homo sapiens vil, om det går slik, bli mindre og mindre råkande.

Frå desse dystre spådommane om menneske med hjernar i standardisert format går vi over til å skissere alternativet, eit så fargerikt språkleg fellesskap som det er råd å snu dagens utvikling til.

Hjelp til sjølvhjelp

Språkpolitikk handlar om brukarar meir enn om registrering og analyse. Det er berre dei norske dialektsamfunna som kan halde fast ved og vidareutvikle dialektane våre. Det er berre brukarane av samiske språk som kan berge desse språka for framtida. Det er berre frisarane som kan sikre dei frisiske språka. Folk utanfrå kan lære språk eller språkformer som andrespråk, forske i dei, hjelpe til med stofftilgang og analysar og setje seg inn i tenkinga attom språka så langt folk utanfrå er i stand til det, og dei kan arbeide politisk for betre rammevilkår for språka. Alt dette er sjølvsagt verdifullt og ofte til inspirasjon for språk-samfunna, men det bergar ikkje eit språk eller ei språkform.

La oss skrive dette på ein måte til: Om brukarane av eit språk ikkje held språket oppe, dør det. Ingen annan er i stand til å halde det i live og utvikle det.

Det viktigaste storsamfunnet, nasjonane og fleirnasjonale organ, kan gjere, er difor å leggje forholda til rette for at språkbrukarane held fast ved språka sine. Altså gi dei hjelp til sjølvhjelp.

Hjelpa til sjølvhjelp gjeld for det første språklege rettar, retten til å få undervisning på språket frå barnehage til universitet og vaksenopplæring, retten til å bruke språket andsynes styresmakter, i politikk lokalt og på rikspan, i helsestellet, i rettssalar og overalt elles, retten til å få svar på språket, retten til å få informasjon på sitt eige språk på gateskilt og i brosjyrar og retten til å få tolking der det er ønskeleg.

Arbeidet for rettferd for ulike språk eller språkvariantar kan drivast etter to ulike prinsipp, eit geografisk og eit individuelt. Geografisk regulering inneber at brukarane av eit språk eller ein språkvariant får rettar i eitt geografisk område, men ikkje på same vis landet over. Individuell regulering inneber at brukarar av ulike språk eller språkvariantar får rettar som personar eller smågrupper. Slik seier den ungarske minoritetslova at om foreldre til sju elevar ved ein skole krev opplæring på anna mål, skal dei få det, same kvar i landet dette skjer.

Geografiske rettar må også innebere retten til sjølvstyre, til jord og vatn og eigen styremåte for dei språksamfunna som også er eller kan oppfattast som eigne folk, til dømes for dei samiske eller dei frisiske eller baskiske folka. I dette ligg også rett til lausriving frå mor-nasjonane dersom dei ønskjer det.

Men samstundes går utviklinga dit at landa i framtida vanlegvis må gjere politikken andsynes ulike språkgrupper meir individ- og smågruppeorientert og mindre geografisk orientert. For flyttinga mellom regionar og landsdelar tiltek i mange land. Om ein person flytter frå eit område til eit anna, bør ho eller han kunne få halde fram med å bruke språket sitt.

Hjelp til sjølvhjelp gjeld for det andre tilgang til språket, skolebøker og alle andre læremiddel, bruksrettleiingar, aviser og tidsskrift, radio- og fjernsynssendingar, offentleg informasjon, teater og film, omsett litteratur, forskning om språket med meir.

Marknadskreftene hjelper dei store språksamfunna og fremjar difor den språklege einsrettinga. Offentlege tiltak må i staden ha som sikte-

mål å hjelpe fram tiltak som ikkje greier seg i den frie marknaden. Det løner seg å produsere film i Hollywood og på engelsk, men om film skal produserast på samisk eller bøker på nynorsk, må vanlegvis andre enn marknadskreftene stø opp om tiltaka. For talet på sjarar og lesarar blir vanlegvis mindre enn hjå konkurrentane. Til sterkare gjennomslag EU/EØS og Verdshandelsorganisasjonen WTO får for prinsippa om fri flyt av kapital, arbeid, varer og tenester, til vanskelegare blir det å halde oppe kulturar og språk som ikkje greier seg i marknaden.

Hjelpa til sjølvhjelp for språksamfunn gjeld for det tredje høvet til å halde oppe lokalt arbeidsliv, lokal busetnad og lokalt samfunnsliv. La oss på ny ta samane som døme. Det blir hevda, truleg med rette, at Oslo er Noregs største samekommune. Men jamvel om den nemnde omlegginga frå geografiske til individuelle språkrettar finn stad og jamvel om arbeidet for samiske språk i nye samanhengar skyt fart, er det grunn til å tru at dei fleste samane i Oslo er siste eller nestsiste ættled samar. Det er uvisst om barna og barnebarna deira vil rekne seg som samar. Det samiske er langt på veg knytt til reindrift, småbruksdrift og kystfiske, til Nordkalotten og til små samfunn. Om grunnlaget for desse næringane og busetnaden i nord fell bort, raknar også mykje av grunnlaget for dei samiske språka.

Hjelp til sjølvhjelp inneber for det fjerde at samfunnet legg forholda til rette for at folk kan bruke, dyrke og utvikle språka sine, i våre dagar med arbeidsstover i alle lokalsamfunn med datautstyr og nett-tilgang, med forsamlings- eller kulturhus der folk kan drive organisasjonsarbeid og lage amatørteater, med bibliotek og bokbussar, med støtteordningar for trykking av skrifter og med hjelp til ordsamlingar og grammatikkar.

Ny informasjonsteknologi kan på mange måtar lette arbeidsvilkåra for små samfunn og små språk, iallfall i vår del av verda der denne teknikken tek til å bli allmenneige. Eit tiår attende måtte bøker givast ut i tusentals eksemplar for at trykking skulle svare seg, og nokre få tiår attende sat kopistar og skreiv av fordi data- og kopieringsteknikkar enno ikkje var utvikla. No går det å lage ein brosjyre på lulesamisk eller tornedalsk utan spesialutdanning og med ein normal datamaskin

og ein skrivar – eit utstyr ein norsk arbeidstakar kan skaffe seg med ei dryg månadsløn og ein indisk professor treng eit års arbeid for å finansiere. Med ei telefonline og eit modem attåt kan dei på nokre sekundar sende tekst og bilete til samarbeidande språkentusiastar i Mexico eller Australia. Og når manuskriptet ligg føre som datafiler, kan ein ta ei eller ti utskrifter og binde inn som bok utan å gå vegen om forlag og lagerhald. Med relativt enkelt utstyr kan dei lage ein lokal kringkastar og produsere eigne program. Med videoutstyr kan dei ta vare på levande forteljing og formidle denne vidare.

Datamaskinen og Internettet skaper også nye skilje mellom dei som har og kan bruke det, og dei som ikkje har og/eller ikkje kan bruke utstyret. Og teknologien skaper nye skiljeliner i verda. Datatilgang er aktuell i rike Noreg der vi kan reise kravet om ein maskin til kvar elev, medan skolar i Uganda manglar både pengar og elektrisitet og difor berre kan drøyme om datautstyr. Ein norsk dusinforfattar kan leggje inn og marknadsføre sitt stoff på nettet, medan ein ugandisk forfattar i eliteklassen bruker blyanten og er avhengig av forlags velvilje. Altså fremjar den nye teknikken ei demokratisering og ei avdemokratisering samstundes.

Datamaskinar og anna informasjonsutstyr blir kraftigare og billigare år for år. Truleg er det ikkje mange år til ein effektiv heimedatamaskin er på eit prisnivå som ein sykkel og difor kan vere tilgjengeleg for langt fleire enn i dag. Difor er det grunn til både å vone og å arbeide for at informasjonsteknologien også globalt skal føre til ei demokratisering heller enn ei avdemokratisering.

Framom alle dei fire nemnde områda handlar oppretthalding av det språklege mangfaldet om haldningar og om respekt for språkbrukarane. Når folk i dei fleste land gir slepp på sine minoritetsmål og sine dialektar, er det fordi dei opplever det som problematisk å halde på sitt eige. Nasjonal politikk, dominerande haldningar og økonomiske ordningar der den sterkaste rår, undergrev det språklege mangfaldet. Difor må det gjerast til ei nasjonal oppgåve i vårt land og i andre land å endre haldningar og åtferd dit at det å snakke eller skrive ulikt andre blir sett på som ein ressurs meir enn som eit problem. Landa må ar-

beide for å utvikle haldningar og opplæringsmetodar ut frå det at dei ulike språka eller språkvariantane supplerer kvarandre i staden for at dei står i motsetnad til kvarandre.

Mest av alt handlar det om ungar og ungdommar. For det er dei som kan utvikle språket og føre det vidare til seinare generasjonar. Difor er også viktigaste målestaven på om eit språk er liv laga, om ungar bruker det aktivt.

Difor er også spørsmålet om morsmål eller barnemål eit kjernesporsmål. Undervisninga skal skje ”paa Børnenes eget Talemaal”, som det norske Stortinget vedtok alt i 1878. Altså ikkje at det skal undervisas i eller om barnas eige talemål slik det står i undervisningsplanar i mange land, men at undervisninga skal gå føre seg på dette målet. Det innebar, i den grad det vart teke på alvor, at lærarane i staden for abstraksjonar som nasjonalmål og gruppemål og vedtekne normer for tale og skrift skulle halde seg til måten ungane snakka på, slik at dei fekk utvikle seg frå sitt eige grunnlag. Tenking av dette slaget trengst også i framtida og verda over.

Eit fargerikt språkleg fellesskap i vårt land?

Norsk språkpolitikk kan skildrast slik: Noreg er eit føregangsland i språkleg pluralisme. Vi har to offisielle mål, norsk og samisk, og vi har to jamstelte skriftmål innanfor det norske språket. I meir enn hundre år har undervisninga i grunnskolen teke utgangspunkt i barnas eige talemål. Vårt land var det første som skreiv under på Det europeiske charteret om region- eller minoritetsspråk, og representantar for Noreg har arbeidd aktivt for å gjere Verdsfråsegna for språklege rettar betre. Representantar for språklege minoritetar bruker ofte den norske språkpolitikken andsynes samane som føredøme.

Men norsk språkpolitikk kan også skildrast slik: Det anerkjende norske målet, det vil seie bokmålet, skal fremjast i så mange samanhengar som råd. I ord blir det kalla fri språkutvikling, noko som i praksis tyder at marknaden skal avgjere og at samfunnet ikkje skal gripe inn i denne styringa. Difor har aldri nynorsken fått reell jamstelling trass i alle stortingslovnader. I ly av den frie språkutviklinga har folk vorte pressa

vekk frå dialektbruk. I ly av dette har samar og kvener og rom-folka vorte utsette for iherdig fornorsking. Etter hardt press frå samar og norsk opinion laut Stortinget etter ei grunnlovsendring i 1988 godta samisk mål som offisielt mål, men valde gjennom ei politisk og ikkje ei språkleg vurdering å sjå dei tre eller fire samiske språka på norsk jord som ulike dialektar og ikkje som ulike språk. Framleis er den offisielle statusen til samisk ein papirstatus meir enn ein realitet. Kvensk mål blir i hovudsak oversett, og omstreifar-språka blir heilt ignorerte, slik at det norske samfunnet har ein stor del av ansvaret for at desse språka er i ferd med å døy.

Begge synsmåtane har sanning i seg. Begge synsmåtane har vore representerte og er representerte i norsk samfunnsliv i dag. Om norsk språkmangfald skal leve vidare og utvikle seg, er det minst av alt grunn til å vere sjølvgod. Blant det som må til, er:

Nynorsk må bli reelt jamstelt med bokmål. Ikkje slik at samfunnet bør blande seg inn i kva målform folk bruker privat og heller ikkje kva private verksemder nyttar, men slik at når samfunnet driv eller stør ei verksemd eller eit tiltak, bør krav om måljamstelling stillast. Så lenge nynorsken er den tilsidesette målforma, bør det også vere eit samfunnsansvar å hjelpe fram tiltak på nynorsk. Målsetjinga må vere at språkjamstillinga blir utvikla dit at folk kan velje på fritt grunnlag mellom målformene. Først når eller om samfunnet kjem dit, er grunnlaget til stades for ei fri språkutvikling.

Samane sjølve gjennom sine styringsorgan må få avgjere om det finst eitt eller fire samiske språk i Noreg. Norske styresmakter må følgje deira syn. Dersom kvenene meiner det er rett, må kvensk givast status som sjølvstendig språk. Omstreifarspråka må fram i lyset.

Desse språka og språksamfunna må få hjelp så langt det norske samfunnet er i stand til det, til å utarbeide ordbøker og grammatikkar og gi ut litteratur på språka sine, til at språkbrukarar frå ulike delar av landet kan møtast og organisere seg, til at språka får ein plass i media, til at undervisningsopplegg blir utarbeidde, til at namn kan skrivast på språka med meir.

Om opplæringa må vi tenkje om lag slik:

1. Dialekt er normaltalemålet i Noreg. Taledugleik vil for dei fleste primært vere dugleik i dialekt. Denne delen av språkopplæringa må styrkjast både i barnehagar og skolen, og pedagogiske metodar for slik opplæring må utviklast. Læringa må byggje på eit romsleg syn på dialektar, der det viktigaste ikkje er rett og autorisert språk sett opp mot feil språk, men god språkbruk og formidling.

2. Skriftmåls læringa og norskfaget i skolen må byggje på at vi har to jamstelte skriftmål i Noreg. Det byr på minst like store språklege fordelar som ulemper for ein unge å vekse opp i eit fleirspråkleg miljø. Utan at det er systematisk undersøkt, har vi grunn til å tru at det same kan gjelde for det å vekse opp i eit land med to skriftformer av eit språk, dersom det blir utvikla pedagogiske metodar som dreg nytte av vekselspillet mellom skriftmåla. Norskfaget må byggje på den grunn tanken at nynorsk (som har den store styrken at det byggjer konsekvent på folks talemål landet over) og bokmål (som har den store styrken at det har dominert som skriftmål i over eit hundreår) må supplere einannan meir enn å stå i motstrid til einannan. Norskfaget må vidare ha som målsetjing at kandidatane skal bli i stand til å meistre begge skriftmåla når skolegangen er over. Ei oppfylling av denne målsetjinga inneber at dei kan fungere i arbeidsliv både i bokmåls-, nynorsk- og språkkløyvde miljø. Det inneber også at dei kan velje sitt personlege skriftmål på fritt grunnlag.

Det er truleg fornuftig at eleven lærer det eine skriftmålet først. Det er også truleg fornuftig at i ein periode av læringa er det eine skriftmålet hovudmål og det andre sidemål. Men når denne perioden er over og gjennom resten av opplæringstida til og med vidaregåande skole og høgskole bør dei to skriftmåla vere konsekvent jamstelte i opplæringa. I opplæringa går vi altså frå eittspråkstadiet via hovudmålsstadiet og til jamstellingsstadiet.

Dette inneber at alle elevar med norskopplæring ut over eittspråkstadiet må få opplæring i begge skriftmåla.

3. Elevar med samisk, kvensk, romani, andre omstreifarspråk og innvandrarspråk må ha ein førsterett til å lære og bruke desse måla.

Dei bør ha norsk attåt, men då sjølvsagt i mindre omfang enn dei med norsk som hovudmål. Norskbrukande elevar må få høve til å lære også dei mindre språka i landet.

I dag er norsk eit fag eller i praksis ofte to fag, nynorsk og bokmål, samisk er eit fag og finsk eller finsk/kvensk eit fag. Tenkinga over bygger på at språklæring eit stykke på veg kan gjerast til eitt fag, der dei ulike språkformene eller språka utfyller kvarandre i staden for å stå i vegen for kvarandre.

Ein siste introduksjon

Vi, den uthaldande lesaren og eg som skriv, har vore innom vel 40 europeiske land. Vi har vore innom langt over 100 europeiske språk. Vi har sett noko nøyare på nokre av dei. Vi har leitt etter særtrekk ved norsk språk. Heilt på tampen vil eg som skriv, introdusere meg sjølv. Ikkje slik å forstå at min ringe person har nemnande interesse for andre enn slekt, grannar og omgangskrins, men i staden slik at eg kan brukast som eit lite døme på den utviklinga eg har prøvd å skissere på dei 170 sidene framfor denne.

Eg er, som lesaren truleg for lengst har oppdaga, ikkje lingvist eller annan språkeksper, men berre ein vanleg, språkinteressert person som bruker fritid og av og til stel av arbeidstida framfor ein datamaskin og stundom ei Internett-line. Eg driv som geitebonde i ei fjellbygd i Hallingdal, eg snakkar hallingdialekt og skriv nynorsk.

Dette kan skrivast inn i eit anna perspektiv: Eg driv i eit yrke der talet på utøvarar skrumpar inn, eg bur i ein kommune med minkande folketal og i eit dalføre som truleg snart vil møte ein liknande avgang, eg snakkar eit målføre som stadig færre bruker og eg nyttar eit skriftmål som kanskje er på veg ut.

Men eg er slett ikkje åleine. Minst halvdelen av innbyggjarane kloten over har livskår som minner om mine. Dei er gjennom eige arbeid eller familie knytte til tradisjonelt næringsliv. Dei har røter i eit geografisk område, ein by eller ein bydel eller ei bygd. Dette området har ein lokal talemålsvariant eller kanskje eit eige språk som eitt av sine kjenneteikn.

Difor er eg heller ikkje så glad i nemninga annleis-folk og annleis-land om alle desse. Går vi spørsmålet grundig etter i saumane, finn vi at det er dei som vil ha eller som utan atterhald godtek språkleg uniformering, som er mindretalet og annleis.

Men det er deira tankegang som rår. Om vi på nytt skal bruke hundreårsperspektivet framover, finn vi at dei fleste av vårt slag verda over er borte dersom utviklinga held fram i same lei som dei siste tiåra. Vi forsvinn i den globale standardiseringa av folk og gjerder og tenking. Og språka og målføra våre går same vegen.

Språkdøden handlar om sorbisk språk og georgisk alfabet og hallingdialekt. Språkdøden handlar dinest om identiteten til det samfunnet som misterspråket eller språkvarianten sin. Og språkdøden handlar for heile menneskesamfunnet om tap av band attover og om tap av kreativitet og difor om at føresetnader for ny og annleis og meir mangslungen tenking blir borte.

Vi kan stille spørsmålet i det små, til dømes knytt til temaet for denne boka: Kvifor er det ikkje heller ein kulturgeograf, ein lingvist eller ein diplomat med internasjonale røynsler, bibliotek, kontaktar og romslege statsregulativs-satsar for utanlandsreiser som har skrive om språkleg mangfald? Eg trur, sjølv om det er urettvist å skjere alle over ein kam, at svaret er at temaet i liten grad pregar tenkinga til den intellektuelle eliten i vårt land. Denne eliten er, for å skrive det enkelt, meir oppteken av standardisering og av vår plass i ei einsléta framtid enn dei er av mangfaldet.

Men vi kan også stille spørsmålet i eit større perspektiv: Har vi, dei globale milliardane med røter, bustader, språk eller målføre, tenking og kanskje yrke og interesser ulikt det rådande, verdiar og kunnskarar som framtidssamfunnet treng? Eg vil berre, i det eg takkar den uthaldande lesaren for følgjet, minne om to ting: For det første at det vår tid mister, kan ingen hente inn att. Liksom vi ikkje kan gjenreise norm eller dalmatisk eller utdøydd nordiske dialektar. For det andre at der alle tenkjer likt, blir lite tenk

